

MØTEINNKALLING

Utval: Kontrollutvalet i Aurland kommune
Møtedato: Tysdag 27. april 2021 kl. 11.00
Møtestad: Kommunestyresalen

SAKLISTE

08/2021 Godkjenning av møteprotokoll 23.02.2021
09/2021 Drøftingssaker, skriv og meldingar
10/2021 Årsmelding og årsrekneskap Aurland kommune 2020
11/2021 Budsjett til forvaltningsrevisjon
12/2021 Årsmelding og årsrekneskap Aurland Hamnevesen KF

Eventuelle forfall meldast til kontrollutvalssekretariatet v/Andrea Fardal Opseth,
tlf: 415 04 511 eller e-post andrea.opseth@pwc.com

Varamedlemmar møter etter nærare avtale.

Aurland, 20.04.2021

Frode Bekkestad
Leiar (sign)

Andrea Fardal Opseth
Sekretariat

Kopi:
Ordførar
Rådmann
Oppdragsansvarlig revisor

Kontrollutvalet i Aurland kommune

Sak 08/2021 Godkjenning av møteprotokoll 23.02.2021

Sakshandsamar	Møtedato	Saknr
Andrea Fardal Opseth	27.04.2021	08/2021

KONTROLLUTVALSSEKRETARIATET SI INNSTILLING:

Møteprotokoll frå møte 23.02.2021 vert godkjent

VEDLEGG

Nr.	Dok. Dato	Avsender/Mottakar	Tittel
1	23.02.2021	Sekretariatet for kontrollutvalet	Møteprotokoll frå møte 23.02.2021

Kontrollutvalet i Aurland kommune**Møtebok****Møtedato:** 23.02.2021**Møtetid:** Kl. 11:00-17:00**Møtestad:** Rådhuset, kommunestyresalen**Saksnr.:** 02/2021 – 07/2021

Følgjande medlem møtte	Parti
Frode Bekkestad, kontrollutvalsleiar	H
Kjell Nordgulen, nestleiar	Ap
Siri Larsen Ramsøy	Ap
Erna Underdal Skarsbø	SP

Forfall meldt frå følgjande medl.	Parti	Følgjande varamedlem møtte	Parti
Kristoffer Ullern Hansen	MDG	Monica Gjesdal Larsen	MDG

Ugilde	Sak	Følgjande varamedlem møtte

Møteleiar:	Frode Bekkestad
Frå sekretariatet møtte:	Andrea Opseth, PwC
Frå administrasjonen møtte:	Rådmann Ordførar
Frå revisjonen møtte:	
Andre som møtte:	Arvid Gilje
Dokument utlevert i møtet:	Presentasjon frå Arvid Gilje
Synfaring:	
Merknader:	

Underskrifter:

SAKLISTE

Sak nr.	Sakstittel	Ope/lukka
02/2021	Godkjenning av møteprotokoll 17.11.2020	
03/2021	Godkjenning av møteprotokoll 20.01.2021 (ekstraordinært møte)	
04/2021	Drøftingssaker, skriv og meldingar	
05/2021	Årsmelding for kontrollutvalet 2020	
06/2021	Eigarskapskontroll Aurland Eige AS og Aurland Ressursutvikling AS	
07/2021	Omprioritering av tema i plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll	

Sak 02/2021 Godkjenning av møteprotokoll, 17.11.2020

Sakshandsamar	Møtedato	Saknr
Andrea Opseth	23.02.2021	02/2021

KONTROLLUTVALSSEKRETARIATET SI INNSTILLING:

Møteprotokoll frå møte 17.11.2020 vert godkjent

VEDLEGG

Nr.	Dok. Dato	Avsendar/Mottakar	Tittel
1	17.11.2020	Sekretariatet for kontrollutvalet	Møteprotokoll frå møte 23.06.2020

23.02.2021 KONTROLLUTVALET

SAK-02/2021 VEDTAK

Møteprotokoll frå møte 17.11.2020 vert godkjent.

Samrøystes.

Sak 03/2021 Godkjenning av møteprotokoll, 20.1.2021

Sakshandsamar Andrea Opseth	Møtedato 23.02.2021	Saknr 03/2021
---------------------------------------	-------------------------------	-------------------------

KONTROLLUTVALSSEKRETARIATET SI INNSTILLING:

Møteprotokoll frå ekstraordinært møte 20.01.2021 vert godkjent

VEDLEGG

Nr.	Dok. Dato	Avsendar/Mottakar	Tittel
1	20.01.2021	Sekretariatet for kontrollutvalet	Møteprotokoll frå møte 20.01.2021

23.02.2021 KONTROLLUTVALET

SAK-03/2021 VEDTAK

Møteprotokoll frå ekstraordinært møte 20.01.2021 vert godkjent.

Samrøystes.

Møtebok kontrollutvalet i Aurland Kommune

Sak 04/2021 Drøftingssaker, skriv og meldingar

Sakshandsamar Andrea Opseth	Møtedato 23.02.2021	Saknr 04/2021
---------------------------------------	-------------------------------	-------------------------

KONTROLLUTVALSSEKRETARIATET SI INNSTILLING:

Vedlegg 7, 10 og 11 leggest fram utan tilråding, for drøfting i kontrollutvalet.

Kontrollutvalet tek elles orienteringar, skriv og meldingar til vitande.

SAK/VEDLEGG

Vedlegg nr.	Dok. Dato	Avsender	Tittel
1	10.12.2020	Kommunestyret	Politisk behandling: Forvaltningsrevisjon SIMAS IKS
2	08.01.2021	Aurland Kommune	Budsjett for kontrollutvalet 2021
3	15.02.2021	Sekretariatet	Oversikt over vedteke budsjett vs. kontrollutvalet sitt framlegg
4	28.01.2021	Forum for Kontroll og Tilsyn	Fagkonferanse og årsmøte 2021
5	05.02.2021	Rådmann	Fornyng eller utlysng av avtale om sekretariatfunksjon for kontrollutvalet
6	10.09.2020	Fagforbundet	Aurland kommune sin tilretteleggngsplikt for arbeidstakar tilsett i Aurland kommune, og Aurland kommune si utøving av tilretteleggngsplikten generelt. Ikkje offentleg, offl, §13
7	09.12.2020 12.12.2020	Jostein L Bergset	a)til d) Ikkje offentleg, offl, §13.
8	19.11.2021	Aurland Kommune	E-post frå Henrik Hauståker til Steinar Søgaard, Guri Olsen og Trygve Skjærdal
9	03.12.2020	Henrik Hauståker	Legedekning i Aurland Kommune
10	19.01.2021	Kjersti E.H. Løyte	Ikkje offentleg, offl, §13.
11	15.02.2020	Sekretariatet	Notat knytt til meldingar frå Harald Sjursen
12	04.02.2020	Statsforvaltaren i Vestland	Vedtak i klagesak som gjeld bygging av skredsikringsvoll på gbnr. 49/1 m.fl Nedre Brekke, Flåm Aurland Kommune
13		Norges Kommunerevisor- forbund	NKRFs Kontrollutvalskonferanse 2021

23.02.2021 KONTROLLUTVALET

Kontrollutvalet diskuterte postgang knytt til møteinnkalling og sakspapir. Sekretariatet har notert seg merknadar.

Kontrollutvalsleiar gjorde greie for budsjetthandsaming knytt til kontrollutvalet sitt budsjettframlegg, og reduksjon i løyving til forvaltningsrevisjon. Spørsmålet vart løfta inn i spørjetimen i kommunestyremøtet 11. februar. Saka vert tatt opp igjen i kommunestyremøtet 29. april. Kontrollutvalsmedlem Kjell Nordgulen kommenterte kontrollutvalet si rolle. Ordførar som deltok i møtet kommenterte at ei slik sak skal behandlast, og det derfor ikkje sikkert at ei slik løyving vil bli gitt.

Arvid Gilje fekk moglegheit til å orientere om si sak, knytt til planprosess i Aurland kommune og oppleving av at lovkrav, retningslinjer/retteleingar og informasjonsplikta ikkje vart følgt. Oppfordringa til Gilje er utviding av forvaltningsrevisjon teknisk etat til òg å omfatte planavdelinga, for å sikre aktiv og reell medverknad i planprosessar. Arvid Gilje skryt av siste prosess i kommunen knytt til utarbeiding av samfunnsdel av kommuneplanen. Samstundes viser Gilje til kontrollutvalet sin plan for forvaltningsrevisjon, og at temaet «Kommunikasjon, informasjon og openheit» (prioritert som område nr. 5) burde prioriterast høgare i plan for forvaltningsrevisjon.

Møtet vart lukka under handsaming av sak 4, vedlegg 6,7, 10 og 11 med heimel i forvaltningslova § 13.

- Rådmannen orienterte om:
 - På generelt grunnlag gjennomføring av planarbeid og involvering knytt til planprosess i Flåm. Rådmann viser til at kommunen har oppfylt minstekravet i plan- og bygningslova.
 - Sak knytt til meldingar frå Harald Sjurson.
 - Innbyggjarundersøking i arbeidet med samfunnsplan, som syner gode score for Aurland Kommune.
 - Brev frå Fagforbundet. Saka er knytt til tilretteleggingsplikt for ein enkelt arbeidstakar
 - Varsling og varslingsrutinar i kommunen.

- Sekretariatet orienterte om
 - Høyringsutkast for Veileder og mal – Kontrollutvalgets uttalelse til årsregnskap og årsberetning.
 - Innsynsbegjæring frå advokat Klomsæt

Drøftingssaker

Kontrollutvalet diskuterte deltaking på fagkonferanse/ årsmøte Forum for Kontroll og Tilsyn, og NKRFs Kontrollutvalskonferanse 2021.

Kontrollutvalet drøfta òg spørsmålet om kor vidt kommunen skal nytte opsjonen som ligg i avtalen om sekretariatsfunksjon for kontrollutvalet med PwC, som gir høve til å forlengje avtalen i to år frå 1.6.2021. Sekretariatet forlét møtet under desse drøftingane. Kontrollutvalet gjekk inn for å nytte opsjonen.

Kontrollutvalet diskutert sak knytt til Arvid Gilje. Basert på opplevinga til Gilje om ein forbetra planprosess i 2020, og rådmann sin uttale merkar kontrollutvalet seg ei forbetring knytt til aktiv og reell medverknadar i planprosessar i kommunen. Kontrollutvalet merkar seg Gilje sine innspel knytt til forvaltningsrevisjon, og tar dette med seg i arbeidet med forvaltningsrevisjon. Kontrollutvalet tok under sak 07/2021 Plan for forvaltningsrevisjon 2019-2023 opp endring/omprioritering av planen. Kontrollutvalet sin behandling vert oversendt til Gilje.

Kontrollutvalet viser til brev frå Fagforbundet, og orientering frå rådmannen. Kontrollutvalet merkar seg at saka framleis er under handtering i kommunen, og ber kommunen fylgje opp saka vidare og halde dialog/gje tilbakemelding til aktuelle partar. Kontrollutvalet sin behandling vert oversendt til Fagforbundet.

Kontrollutvalet diskuterte sak knytt til Jostein L. Bergset. Kontrollutvalet er gjort kjent med at kommunen har handtert henvendinga frå Bergset, og at Bergset har fått svar frå ordføraren. Kontrollutvalet merkar seg at det har tatt tid å svare Bergset, og oppfordrar kommunen å gje svar/raskare svar til innbyggjarane i slike saker. Kontrollutvalet sin behandling vert oversendt til Bergset.

Kontrollutvalet diskuterte sak knytt til Henrik Hauståker, og hans e-post til kommunen av 18.august. Kommunen v/tenesteleiar helse og omsorg gjorde i kontrollutvalsmøte 17. november 2020 greie for at dei tolka e-posten som informasjon til kommunen, medan Hauståker har stadfesta ovanfor kontrollutvalet at han hadde ei forventning til eit svar i ei slik alvorleg sak. Kontrollutvalet ber kommunen om å sørgje for å innarbeide ein praksis der ein gjev tilbakemeldingar/stadfester mottak av henvendingar som vert sendt til kommunen. Samstundes vil kontrollutvalet påpeike at det er positivt at kommunen sitt arbeid knytt til å sikre legedekning i Aurland no har gjeve resultat. Kontrollutvalet sin behandling vert oversendt til Hauståker.

Kontrollutvalet diskuterte sak knytt til meldingar frå Harald Sjursen. Kva gjeld saka knytt til rassikringsvollen viser kontrollutvalet til at denne er endeleg handsama av Statsforvaltaren, som har avvist Sjursen si klage, og ikkje funne at kommunen har gjort feil. Kontrollutvalet er ikkje klageorgan for einskildsaker.

Når det gjeld anførslane knytt til påstått trakassering og arbeidsmiljøutfordringar, viser kontrollutvalet til to av områda som er prioritert av kontrollutvalet i gjeldande plan for forvaltningsrevisjon:

1. Kommunikasjon, informasjon og openheit (prioritert som område nr. 5)
2. Kommunen som arbeidsgjevar (prioritert som område nr. 4)

Ein eventuell forvaltningsrevisjon på desse området vil følgjeleg fange opp fleire av dei forhold Sjursen tek opp. Kontrollutvalet tok under sak 07/2021 Plan for forvaltningsrevisjon 2019-2023 opp endring/omprioritering av planen. Kontrollutvalet sin behandling vert oversendt til Sjursen.

Kontrollutvalet diskuterte henvending frå Kjersti E.H. Løyte, og viser til at dette er ei enkeltsak. Kontrollutvalet handterer ikkje enkeltsaker, men har fanga opp Løyte sine opplevingar og viser til plan for forvaltningsrevisjon som omhandlar prioriterte område for forvaltningsrevisjon inneverande periode. Eit av områda som er prioritert i planen er kommunen som arbeidsgjevar, og dette temaet vil kunne fange opp forhold Løyte tek opp. Kontrollutvalet vil ta med seg innspela i val av framtidige forvaltningsrevisjonsprosjekt. Kontrollutvalet sin behandling vert oversendt til Løyte.

SAK-04/2021 VEDTAK:

Sekretariatet sender informasjon til kontrollutvalsmedlemmane kring NKRFs Kontrollutvalskonferanse, og ber om tilbakemelding for deltaking innan ein gitt tidsfrist i forkant av påmeldingsfristen.

Kontrollutvalet merkar seg at fleire saker sendt til kontrollutvalet, er knytt til manglande svar/stadfesting på motteke henvendingar sendt til kommunen. Kontrollutvalet ber kommunen på generelt grunnlag å innarbeide ein praksis der ein gjev tilbakemeldingar/bekreftar mottatt brev på henvendingar som vert sendt til kommunen.

Kontrollutvalet er ikkje klageorgan for einskildsaker, men merkar seg at fleire av henvendingane som er motteke til kontrollutvalet dels omhandlar tema som kan vere aktuelle å undersøke på generelt grunnlag i ein forvaltningsrevisjon. Kontrollutvalet tek dette med seg i vidare arbeid knytt til bestilling av forvaltningsrevisjonar i planperioden.

Kontrollutvalet tek elles orienteringar, skriv og meldingar til vitande.

Samrøystes.

Møtebok kontrollutvalet i Aurland Kommune

Sak 05/2021 Årsmelding for kontrollutvalet 2020

Sakshandsamar Andrea Fardal Opseth	Møtedato 23.02.2021	Saknr 05/2021
--	-------------------------------	-------------------------

KONTROLLUTVALSSEKRETARIATET SI INNSTILLING:

- Kontrollutvalet vedtek vedlagde årsmelding for 2020, med eventuelle korrigeringar som kjem i møtet.
- Årsmeldinga vert sendt til kommunestyret til orientering.

VEDLEGG:

Nr.	Dok. Dato	Avsender/Mottakar	Tittel
1	15.02.2020	Sekretariatet	Utkast: Årsmelding for kontrollutvalet 2020

23.02.2021 KONTROLLUTVALET

SAK-05/2021 VEDTAK:

- Kontrollutvalet vedtek vedlagde årsmelding for 2020, med mindre justeringar påpeikt i møtet.
- Årsmeldinga vert sendt til kommunestyret til orientering.

Samrøystes.

Kontrollutvalet i Aurland kommune

Sak 06/2021 Eigarskapskontroll Aurland Eige AS og Aurland Ressursutvikling AS

Sakshandsamar Andrea Fardal Opseth	Møtedato 23.02.2021	Saknr 06/2021
--	-------------------------------	-------------------------

KONTROLLUTVALSSEKRETARIATET SI INNSTILLING:

Kontrollutvalet viser til vedlagt eigarskapskontrollrapport frå KPMG.

Overordna kjem KPMG med ei rekke tilrådingar i rapporten, innan dei ulike tema/ problemstillingar som er vurdert. Eigarskapskontrollen har vore forbetningsorientert, og KPMG har gitt tilrådingar der eigarskapskontrollen har avdekka forbetningsområde. Tilrådingane knyt seg både til kommunen som eigarkommune, og til Aurland Eige AS og Aurland Ressursutvikling AS.

Dei samla funna og tilrådingane går fram i rapporten del 4, og er som følgjer:

Del 1: Overordna eigarskapsstyring og tydelege føringar

Utarbeiding av eigarskapsmeldingar

- Aurland Eige bør inkluderast som eige selskap i eigarskapsmeldinga til kommunen. Dette bør inngå i neste utgåve av eigarskapsmeldinga.
- KPMG vurderer at kommunen i større grad bør utarbeida og strukturera oppsettet og skildringane i eigarskapsmeldinga etter rettleiaren «KS: Anbefalingar om eigarstyring, selskapsleiing og kontroll» si presentasjon av anbefalingane.
- Kommunen bør greie ut om selskapa sitt samfunnsansvar knytt til miljø, likestilling, openheit, etikk og korleis Aurland kommune arbeider med tema. Dette manglar i den gjeldande eigarskapsmeldinga.

Utarbeiding og revidering av styredokument:

- KPMG vurderer at relevant styringsdokumentasjon er tilgjengeleg for Aurland Eige AS og Aurland Ressursutvikling AS. Det er ikkje gjort oppdatering av dokument i Aurland Eige ettersom selskapet vart oppretta i slutten av 2019.

Samansettinga av styret:

- Samansetning av styret i Aurland Eige, der folkevalde sit som styremedlemmer, følger ikkje prinsippa i Aurland kommunes eigarskapsmelding. For å sikre at praksis og prinsippa i eigarskapsmeldinga samstemmer, bør kommunen vurdere å oppdatere sin eigarskapsmelding dersom den ønsker å ha folkevalde i styret for Aurland Eige.

Kjønnsbalanse i styra:

- KPMG vurderer at styret i Aurland Eige oppfyller krav om kjønnsbalanse då ein har minst 40 % representasjon av kvart kjønn. Aurland kommune si eigarskapsmelding legg vekt på at det skal søkjast å sikre styresamansetning med god kjønnsbalanse. For Aurland Ressursutvikling vurderer KPMG at dette ikkje er godt ivaretatt, og anbefaler

at kommunen gjennom Aurland Eige følger opp problemstillinga med dei andre aksjonærane i ARU.

Rutinar for kompetanse:

- KPMG vurderer at det ikkje er etablert rutinar for kompetanse i Aurland Eige slik KS råder til, men at dette vil vurderast når styret opptar arbeidet høsten 2020. Det anbefalast å utarbeide slike rutinar, for å skape struktur rundt ansvars- og oppgåvefordeling, eigenevaluering, opplæring, årlig plan med mål, strategi og gjennomføring, og utgreiing for selskapet si styring og leiing i ein årsrapport.

Del 2: Normer for god eigarstyring

Obligatorisk opplæring:

- KPMG vurderer at det har vore manglande opplæring av folkevalde i forhold til KS si tilråding i Aurland kommune. Kommunen planlegg opplæring for kommunestyret etter førstkomande val, noko som bør følgjast opp. Opplæring bør formaliserast for å sikre at dette skjer på regelmessig basis og at kommunestyret har tilstrekkeleg kunnskap og innsikt.

Eigarmøter:

- KPMG vurderer at det har vore eigarmøter i henhold til rettleiing frå KS både i Aurland Eige AS og Aurland Ressursutvikling. Aurland Eige har delteke i eigarmøter med kommunen og Aurland Ressursutvikling, og ARU har gjennomført eigarmøter med Aurland kommune som eigar.

Eigarorganet sin funksjon:

- KPMG vurderer at Aurland kommune har rutinar for kommunikasjon mellom kommunestyret og eigarorganet i sin eigarskapsmelding og kommunikasjonsformer som sikrar politisk avklaring av eigarorgana sitt mynde. Folkevalde frå Aurland kommune er vald inn i styret i Aurland Eige AS.

Generalforsamlingar og representantskapsmøter:

- Eigarpolitisk plattform gir retningslinjer for ønska frist for innkalling på minst fire veker. Innkallinga er likevel innanfor krava i aksjelova (§ 5-10), og generalforsamlinga er dermed lovleg innkalla.
- KPMG vurderer at Aurland Eige bør inkludere føresegn for innkalling til generalforsamling i sine vedtekter for å sikre at eigaren Aurland kommune og kommunestyret har tid til å handsame aktuelle saker, og sikre samstemming med kommunens Eigarskapspolitiske plattform.

Valkomité og styrenemningar:

- KPMG vurderer at Aurland Eige bør inkludere føresegn for bruk av valkomité i sine vedtekter og utarbeide retningslinjer som regulerer deira arbeid. Det bør også vurderast å la nokre styremedlemmer ha overlappende valperiode for å vidareføre kunnskap om verksemda.

Arbeidsgjevartilhøyrse i sjølvstendig rettssubjekt:

- KPMG vurderer situasjonen som tilfredsstillande på noverande tidspunkt. For Aurland Eige vil det vere aktuelt å vurdere medlemskap i ein arbeidsgjevarorganisasjon dersom dei skulle få eigne tilsette i verksemda.

Habilitetsvurderingar:

- Styret i Aurland Eige bør etablere faste rutinar for å handtere mogelege habilitetskonfliktar. Dette bør formaliserast skriftleg i styringsdokumenta.

Etiske retningslinjer:

- Aurland kommune bør utforme rutinar for oppfølging av etiske retningslinjer og for å kontrollere at selskapa vert drive økonomisk, sosialt og miljøforsvarleg i samsvar med deira eigarskapsmelding.

Del 3: Fusjon av Aurland Ressursutvikling AS og Myrkdalen AS

KPMG vurderer at styret i Aurland Eige AS er vald korrekt av generalforsamlinga i selskapet; vidare at ordføraren har hatt lovleg fullmakt til å opptre som generalforsamling i Aurland Eige AS.

Av rapporten går det fram at ein ikkje kan sjå bort frå mogelegheita om at kommunestyret sin intensjon har vore å avgrense ordføraren si fullmakt til å opptre som generalforsamling i samband med val av styre i føretaket. Det vert peika på at det likevel ikkje er fatta eit konkret vedtak om å gi ordføraren sin kompetanse som generalforsamling til nokon andre. KPMG er av den oppfatning at rammene for styring av Aurland Eige AS etter vedtak 102/19 ikkje har hatt nødvendig fokus internt i kommunen og difor ikkje har blitt etterlevd i praksis. Det er derimot ikkje tilstrekkeleg grunn til å hevde at styret er ulovleg vald. Det er etter KPMG sitt syn ikkje tvil om at styret i Aurland Eige AS vart lovleg vald då ordføraren, som generalforsamling, valde styret.

KPMG har også vurdert rammene for styret i Aurland Eige AS sin kompetanse til å fatte vedtak om fusjon av dotterselskapet Aurland Ressursutvikling AS. Styret i Aurland Eige AS sin kompetanse er avgrensa av generalforsamlinga i styreinstruksen pkt. 5, men det er ikkje gitt nokre innskrenkingar i ramma for styret sin mogelegheit til å fatte vedtak om fusjon.

KPMG vurderer at sakshandsaminga ikkje har vore tilfredsstillande. Styret burde ha vore løpande orientert i planlegging og forarbeid til fusjonen. Sjølv om styret har vore uvanleg lite involvert, er den vurdering styret utførte i perioden fram mot 2. april etter KPMG sitt syn ei oppfylgning av styret sine oppgåver i samband med fusjonen. Fusjonsvedtaket er slik KPMG vurderer det lovleg fatta.

Kontrollutvalet vil tilrå at kommunen, Aurland Eige AS og Aurland Ressursutvikling AS følgjer opp tilrådingane i rapporten.

Kontrollutvalet vil følgje opp arbeidet og vil be om statusrapport på oppfølging av tilrådingane i rapporten.

Rapporten og kontrollutvalet sitt vedtak vert oversendt til kommunestyret.

VEDLEGG

Nr.	Dok. Dato	Avsender/Mottakar	Tittel
1	12.2.2021	KPMG	Aurland Eige AS og Aurland Ressursutvikling AS – Rapport etter eigarskapskontroll

23.02.2021 KONTROLLUTVALET

Forvaltningsrevisor KPMG presenterte rapporten. Kontrollutvalet fekk moglegheit til å stille spørsmål.

SAK-06/2021 VEDTAK:

Kontrollutvalet vil tilrå at kommunen, Aurland Eige AS og Aurland Ressursutvikling AS følgjer opp tilrådingane i rapporten.

Kontrollutvalet vil følgje opp arbeidet og be om statusrapport på oppfølging av tilrådingane i rapporten hausten 2021. Kontrollutvalet ynskjer å invitere inn styreleiar i Aurland Eige, for å informere om arbeidet til Aurland Eige og status i arbeidet med tilrådingane i dette møtet.

Rapporten og kontrollutvalet sitt vedtak vert oversendt til kommunestyret.

Samrøystes.

Kontrollutvalet i Aurland kommune

Sak 07/2021 Plan for forvaltningsrevisjon 2019-2023 – endring/ omprioritering av planen

Sakshandsamar Andrea Fardal Opseth	Møtedato 23.02.2021	Saknr 07/2021
--	-------------------------------	-------------------------

KONTROLLUTVALSSEKRETARIATET SI INNSTILLING:

Saka vert lagt fram for drøfting i kontrollutvalet, utan tilråding.

VEDLEGG

Vedlegg nr.	Dok. Dato	Avsendar	Tittel
1	9.6.2020	Kontrollutvalet	Plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll 2019-2023
2	9.6.2020	Kontrollutvalet	Risiko- og vesentlegheitsvurdering
3	20.1.2021	Kontrollutvalet	Vedtak i sak 01/2021

23.02.2021 KONTROLLUTVALET

Kontrollutvalet diskuterte prioritering av område for forvaltningsrevisjon, basert på:

- Plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll 2019-2023
- Risiko- og vesentlegheitsvurdering
- Vedtak i sak 01/2021

Erna Underdal Skarsbø la fram fylgjande forslag til vedtak:

Prioritert nummer 5 i plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll 2019-2023 «kommunikasjon, informasjon og openheit» vert slått saman med prioritet nummer 4 «kommunen som arbeidsgjevar», og flytta opp som prioritet nummer 2. Ein slik revisjonen vil òg inkludere moment knytt til «Varslingsfunksjon i kommunen», ettersom kommunen som arbeidsgjevar er underlagt lovpålagde plikter kva gjeld varslingsrutinar og handtering av varslingsaker. Prioritet nummer 2, «innkjøp og anbod» vert flytta ned som prioritet nummer 4.

Kontrollutvalet er samd i at teknisk tenester/teknisk etat blir ståande som prioritet nummer 1 i plan for forvaltningsrevisjon. Kontrollutvalet diskuterte vidare aktualiteten av «kommunikasjon, informasjon og openheit» og «kommunen som arbeidsgjevar» knytt til fleire saker og hendingar som gjer det aktuelt å sette lys på dette temaet. Forslaget til Erna Underdal Skarsbø vart røysta over.

SAK-07/2021 VEDTAK:

Basert på at risiko- og vesentlegheitsvurderingar kan endre seg gjennom planperioden, og kontrollutvalet opplever at dette er tilfelle i tråd med pågåande saker og hendingar, vedtok kontrollutvalet å endre plan for forvaltningsrevisjon 2019-2023, med følgjande prioritet på områda for forvaltningsrevisjon:

1. Teknisk tenester/teknisk etat
2. Kommunikasjon, informasjon og openheit, samt kommunen som arbeidsgjevar
3. Klima, bærekraft og miljø
4. Innkjøp og anbod

Vedtaket sendast til kommunestyret til orientering.

Samrøystes.

Kontrollutvalet i Aurland kommune

Sak 9/2021 Drøftingssaker, skriv og meldingar

Sakshandsamar Andrea Opseth	Møtedato 27.04.2021	Saknr 9/2021
---------------------------------------	-------------------------------	------------------------

KONTROLLUTVALSSEKRETARIATET SI INNSTILLING:

Kontrollutvalet tek orienteringar, skriv og meldingar til vitande.

SAK/VEDLEGG

Vedlegg nr.	Dok. Dato	Avsendar	Tittel
1	15.03.2021	Kjell Nordgulen	Journalføring av post og dokumentbehandling etter forvaltningsloven
2	15.03.2021	Kommunal- og moderniseringsdepartement	Veileder til kontrollutvalg- og revisjonsforskriften
3	20.04.2021	Anonym	Anonymt brev til kontrollutvalet (sladda versjon, adressa er fjerna)

Orienteringar:

Drøftingssaker:

- Basert på notat frå Kjell Nordgulen, må kontrollutvalet diskutere om ein ynskjer å vedta ei formell orientering frå kommunen knytt til skisserte moment i neste møte.

Forslag til vedtak, vedlegg 3:

Kontrollutvalet har motteke eit anonymt varsel. Skrivet vert sendt vidare til teknisk etat for deira vurdering.

Kontrollutvalet kan av prinsipp ikkje handtere anonyme varsel. Varslar kan bli unnteke offentlegheiten i handsaminga, men kontrollutvalet må kjenne identiteten til vedkommande for å handtere varselet. Kontrollutvalet ber anonym varslar om å ta kontakt med kontrollutvalsleiar eller sekretariatet om dei ynskjer at kontrollutvalet handsamar saka.



Andrea Fardal Opseth (NO) <andrea.opseth@pwc.com>

I dei siste møta i KU har det frå sekretariatet og adm

1 e-post

Kjell Nordgulen <kjnordgu@online.no>

17. mars 2021 kl. 11:28

Til: "Andrea Fardal Opseth (NO)" <andrea.opseth@pwc.com>

Kopi: Frode Bekkestad <frode.bekkestad@redaoilfield.com>

Vedlagt flg. ei sak som eg ønskjer vert teke opp i neste møte den 21.04.2021. Den omhandler denne problematikken – gjengangere – Det er at kommunen ikkje svarar på brev.

Det er opphavet til mange enkelt saker i KU, som sekretariatet og kommunaldirektøren, meiner ikkje høyrer heime der. Hadde kommunen svart på breva, så hadde mange enkelt saker ikkje kome til KU. Derfor trur eg ein gjennomgang av postjournalen og dokumentbehandling kan redusere slike enkelt saker.

Med vennleg helsing

Kjell



I dei siste møta i KU har det frå sekretariatet og adm.docx

15K

Sak til KU-møte den 21. april 2021-03-15

Journalføring av post og dokumentbehandling etter forvaltningsloven

Kjell Nordgulen

15.mars 2021

I dei siste møta i KU har det frå sekretariatet og administrasjonen/kommunaldirektøren i kommunen sagt at dei meiner at KU tek opp til behandling av enkelt saker som egentleg ikkje høyrer heime der. Noko rett i det kan dei ha. Men har dei stilt seg spørsmålet – kvifor kjem mange slike saker til KU???

FELLESNEMNAREN I DESSE SAKENE ER AT ADM. IKKJE HAR SVART PÅ HENVENDELSER SOM ER KOMME I BREVS FORM OG PR. E-POST.

Uansett kvar nemde brev eller E-post måtte innehalde så har offentlege etatar plikt til å svare på det. Eg ser på på kommunen som ein offentlig etat.

Forvaltningsloven § 11 a seier kva plikter offentlege etatar har, når dei mottok brev eller E-post ulike henvendelser

Eg vil trekke fram to einskilde saker som skil seg ekstra ut, og som har vert ein gjenganger KU. Det er varslingar frå tidlegare hamnesjef Jostein Lange Bergset og tidlegare turnusleg e Erik Hauståker. I utgangspunktet saker som skulle ha vert registret som avvik?

Saka til J.L. Bergset er sendt til KU direkte pr. E-post og saka til Eirik Hauståker er henta frå media. Begge hevdar å ha sendt nemnde bekymringsmelding/ varsling til kommunen, utan å ha blitt kontakta av ADM og den politiske ledelse i kommunen.

Varsalet fra J.L. Bergset vart sendt direkte til ordføraren sin E-postadresse den 26.11.2019 kl. 2216 som er den øverste leiar i det politiske system. Den 9. desember 1920 sender han på nytt ein E-post til ordførar med kopi til kommunestyret, KU og rådmannen til kommunen. Den 12. samme mådnad svarar ordførar på E-post og der lovar han svar. Då svarar Ordførar fra kommunen sin e- post adresse.

15. januar 2021 gir Trygve Skjerdal eit svar til til J.l. Bergset pr. E-post. I dette svaret går det ikkje klarte fram at e-posten kjem frå kommunens si postadresse – altso trygve.skjerdal aurland.kommune.no.. Det kan tyde på at ordførar då brukar ei anna E-postadresse enn den han er tildelt i eigenskap som ordførar. E-posten er sendt frå Trygve Skjerdal utan at det der er nokon øvrig informasjon med - ?aurland.kommune.no.". Er e-posten då sendt frå ordføraren sin private e-mail eller frå kommunen?

Grunnen til denne uklarheten er at e-posten startar slik: sitat Sidan både den første – posten, også denne er stila direkte til meg, er det også eg som svarar. Sitat slutt. Sagt med andre kan tyde på at at ordføraren e-postane frå J.L. Bergset som personlige og ikkje som e-postane til han som politiske øverste leiar av kommunen. (Han skriv og at det har vert møte i ledelsen der berørte parter til stede hadde møtet, der vedlegga vart gjennomgått. Føreligg det eit referat av møtet der det dei omtala partane er nemde?)

Då stiller eg meg spørsmålet? Er E-postane frå Breiset i heile tatt journalført i Aurland Kommune? Grunnen er at eg kan ikkje sjå noko journalnr. i E-postane til ordførar som han har sendt til Bergset.

Eg vil ha framlagt utskrift frå postjournalen til Aurland Kommune, der det går fram at dei omtalte E-postane til og frå J.L.Bergset er journalførte

Det samme gjeld og bekymringsmeldinga/varselet frå Erik Hauståker

Kommunen er pliktig til å føre journalar, og den viktigaste av dei igjen er postjournalen. Det er visse krav til journalføringen og ikkje minst kva for opplysningar som skal vere med journalen – som dato for mottak m.m.

Det vil vere ein stor fordel for oss i KU at sekretariatet eller den ansvarlege for postjournalen i kommunen fortel korleis ein postjournal skal førast og rutinar for dokumentbehandling. Svarfristen kommunen har å svare på brev er og av interesse.



**DET KONGELIGE KOMMUNAL-
OG MODERNISERINGSDEPARTEMENT**

Ifølge liste

Deres ref

Vår ref

Dato

20/5274-7

15. mars 2021

Veileder til kontrollutvalg- og revisjonsforskriften

Departementet har utarbeidet en veileder til kontrollutvalg- og revisjonsforskriften (forskrift 17. juni 2019 nr. 904 om kontrollutvalg og revisjon).

Veilederen inneholder departementets merknader til de enkelte bestemmelsene i forskriften.

Veilederen er tilgjengelig her: [Veileder til kontrollutvalgs- og revisjonsforskriften - regjeringen.no](http://Veileder%20til%20kontrollutvalgs-og-revisjonsforskriften-regjeringen.no)

Med hilsen

Ragnhild Spigseth (e.f.)
kst. avdelingsdirektør

Erland Aamodt
fagdirektør

Dokumentet er elektronisk signert og har derfor ikke håndskrevne signaturer

Postadresse
Postboks 8112 Dep
0032 Oslo
postmottak@kmd.dep.no

Kontoradresse
Akersg. 59
www.kmd.dep.no

Telefon*
22 24 90 90
Org.nr.
972 417 858

Avdeling
Kommunalavdelingen

Saksbehandler
Erland Aamodt
22 24 68 28

VEILEDER TIL KONTROLLUTVALGS- OG REVISJONSFORSKRIFTEN

Kommunal- og moderniseringsdepartementets merknader til forskrift 17. juni 2019 nr. 904
om kontrollutvalg og revisjon

H-2494

Mars 2021

Innhold

1. Om veilederen	2
2. Forskriften og merknader til bestemmelsene	2
2.1 Kapittel 1. Kontrollutvalgets og sekretariatets oppgaver mv.	2
2.2 Kapittel 2. Krav ved egen revisjon, valg og bytte av revisor og uttalelsesrett ved forvaltningsrevisjon og eierskapskontroll.....	8
2.3 Kapittel 3. Krav til revisor og revisors medarbeidere	14
2.4 Kapittel 4. Ikrafttredelse og opphevelser	17

1. Om veilederen

Kommunal- og moderniseringsdepartementet fastsatte 19. juni 2019 forskrift om kontrollutvalg og revisjon. Den nye forskriften utfyller kommunelovens bestemmelser om kontrollutvalg og revisjon, som i det vesentlige er regulert i kapitlene 23 og 24.

Forskriften erstattet de nå opphevede Forskrift om kontrollutvalg i kommuner og fylkeskommuner av 15. juni 2004 og Forskrift om revisjon i kommuner og fylkeskommuner m.v. av 15. juni 2004.

Denne veilederen inneholder departementets merknader til de enkelte bestemmelsene i kontrollutvalgs- og revisjonsforskriften.

Kommuneloven inneholder de fleste sentrale bestemmelsene om kontrollutvalget og revisjonen. Lovens bestemmelser er i liten grad gjentatt i den nye forskriften. For nærmere veiledning om lovens bestemmelser viser vi til lovens forarbeider: Kommunelovutvalgets utredning *NOU 2016: 4 Ny kommunelov*, Kommunal- og moderniseringsdepartementets lovforslag til Stortinget *Prop. 46 L (2017–2018)* og Kommunal- og forvaltningskomiteens innstilling til Stortinget i plenum *Innst. 369 L (2017– 2018)*.

2. Forskriften og merknader til bestemmelsene

2.1 Kapittel 1. Kontrollutvalgets og sekretariatets oppgaver mv.

§ 1. *Rammer for kontrollutvalgets myndighet*

Kontrollutvalget kan ikke overprøve politiske prioriteringer som er foretatt av kommunens eller fylkeskommunens folkevalgte organer eller andre kommunale organer.

Merknad

Kontrollutvalgets ansvar og myndighet følger av kommuneloven § 23-2. Den regulerer hva kontrollutvalget skal gjøre. Kontrollutvalget vil også kunne utføre annet kontrollarbeid, selv om det ikke følger som en skal-oppgave av loven.

Kontrollutvalget er kommunestyrets eget kontrollorgan og dermed ikke underlagt andre organer i kommunen. Kontrollutvalgets kontrollansvar omfatter derfor ikke kommunestyret selv. Kontrollutvalget kan likevel uttale seg dersom kommunestyret for eksempel har truffet eller er i ferd med å treffe et vedtak som vil være ulovlig.

Forskriften § 1 presiserer kontrollutvalgets myndighet. Men heller ikke denne bestemmelsen kan leses som en uttømmende regulering av innholdet i kontrollutvalget myndighet.

Første ledd viderefører kontrollutvalgsforskriften § 4 andre ledd. Det ligger ikke til kontrollutvalget å overprøve politiske prioriteringer eller å vurdere den politiske hensiktsmessigheten av vedtak som er truffet av folkevalgte organer eller andre kommunale organer.

Det presiseres likevel at kontrollutvalgets virksomhet vil kunne innebære for eksempel kritikk av vedtak truffet av folkevalgte organer eller virkninger av slike vedtak, og at dette ikke uten videre vil være i strid med denne bestemmelsen. For eksempel vil en forvaltningsrevisjon av kommunens praksis i behandlingen av byggesøknader kunne innebære en vurdering av hvordan et folkevalgt organ har behandlet disse søknadene (hvis det folkevalgte organet har fått delegert myndighet til å behandle disse søknadene). Dette vil ikke være å overprøve politiske prioriteringer i forskriftens forstand.

§ 2. Kontrollutvalgets rolle i fastsettelsen av budsjettet for kontrollarbeidet

Kontrollutvalget skal utarbeide forslag til budsjett for kontrollarbeidet i kommunen eller fylkeskommunen. Forslaget skal følge innstillingen til årsbudsjettet etter kommuneloven § 14-3 tredje ledd til kommunestyret eller fylkestinget.

Merknad

Bestemmelsen viderefører den tidligere kontrollutvalgsforskriften § 18 første ledd. Den gir kontrollutvalget rett og plikt til å utarbeide forslag til budsjett for kontrollarbeidet i kommunen eller fylkeskommunen. I uttrykket kontrollarbeidet inngår da utgifter til kontrollutvalget, kontrollutvalgssekretariatet og revisjonen. Kontrollutvalgets forslag skal følge innstillingen om årsbudsjett, som går fra formannskapet til kommunestyret eller fylkestinget. Som en del av sin helhetlige budsjettinnstilling, tar formannskapet selv stilling til hvordan det mener budsjettet for kontrollarbeidet bør være. Kontrollutvalgets budsjettforslag følger uendret saken. Det skal være klart og tydelig for kommunestyret hva kontrollutvalget har foreslått.

Henvisningen til kommuneloven § 14-3 tredje ledd sikrer at kontrollutvalgets forslag følger med innstillingen både i kommuner som er styrt etter formannskapsmodellen og kommuner som er styrt etter parlamentarismemodellen.

At forslaget skal følge innstillingen betyr også at kommunedirektøren ikke har adgang til å gjøre endringer i kontrollutvalgets forslag underveis i prosessen. Dette er også presisert i departementets tolkningsuttalelse i sak 20/2919-5. Her heter det at "[d]epartementet legger derfor til grunn at kommunedirektøren ikke kan endre eller redusere kontrollutvalgets budsjettforslag for kontrollarbeidet før det skal behandles i formannskapet."

I departementets tolkningsuttalelse i sak 20/2919-3 slås det fast at når kontrollutvalget oversender budsjettforslaget sitt, vil dette ikke være en rapportering om resultatene av sitt arbeid, jf. kommuneloven § 23-5 første punktum. Departementet legger derfor til grunn at § 23-5 ikke innebærer at kommunedirektøren skal gis anledning til å uttale seg før kontrollutvalget behandler saker som gjelder budsjettforslag for kontrollarbeidet.

§ 3. Kontrollutvalgets oppgaver ved regnskapsrevisjon

Kontrollutvalget skal holde seg løpende orientert om revisjonsarbeidet og påse at

- a) kommunens eller fylkeskommunens årsregnskaper blir revidert på en betryggende måte**
- b) regnskapsrevisjonen utføres i samsvar med lov, forskrift og kontrollutvalgets instruksjer og avtaler med revisor**
- c) regnskapsrevisjonen blir utført av revisorer som oppfyller kravene i kapittel 2 og 3.**

Kontrollutvalget skal uttale seg til kommunestyret eller fylkestinget om årsregnskapene og årsberetningene før formannskapet eller fylkesutvalget innstiller til vedtak.

Kontrollutvalget skal påse at regnskapsrevisorens påpekinger etter kommuneloven § 24-7 til § 24-9 blir rettet eller fulgt opp. Hvis påpekingene ikke blir rettet eller fulgt opp, skal kontrollutvalget rapportere det til kommunestyret eller fylkestinget.

Merknad

Bestemmelsen viderefører den tidligere revisjonsforskriften §§ 6 og 7. Det følger av *første ledd* at kontrollutvalget skal holde seg løpende orientert om revisjonsarbeidet. Sekretariatet bistår kontrollutvalget i dette arbeidet. Hvordan kontrollutvalget holder seg løpende orientert vil i noen grad være opp til det enkelte kontrollutvalg selv å bestemme. Kontrollutvalget vil for eksempel kunne be om at revisor orienterer om de ulike fasene i revisjonsarbeidet. Slike orienteringer vil kunne handle om revisors risikovurderinger knyttet til oppdraget, presentasjon av revisjonsstrategi og orienteringer om delkonklusjoner på bakgrunn av innsamlet revisjonsbevis.

I tillegg til kontrollutvalgets oppfølging av regnskapsrevisjonen, vil revisorbransjen selv foreta nærmere kvalitetskontroll med revisor. Den bransjeorganiserte kvalitetskontrollen er ikke regulert i denne forskriften.

Første ledd bokstavene a)–c) pålegger kontrollutvalget et påse-ansvar.

Første ledd bokstav a og b er en videreføring av den tidligere kontrollutvalgsforskriften § 6.

